

**SAKSFRAMLEGG****Regional plan for vassforvaltning for Vestfold og Telemark vassregion 2022-2027 - høyringsfråsegn**

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
Samfunn- og miljøutvalget		
Kommunestyret		

Kommunedirektørens innstilling:

Tinn kommune sluttar seg til Regional plan for vassforvaltning for Vestfold og Telemark vassregion 2022-2027, Regionalt tiltaksprogram for Vestfold og Telemark vassregion 2022-2027 og Handlingsprogram for Vestfold og Telemark vassregion 2022-2027, med følgjande merknader:

1. Vedlagt notat frå Tinn kommune til Vestfold og Telemark vassregion (20.05.21) utgjer høyringssvaret frå kommunen når det gjeld vassførekomstar som er påverka av vasskraftreguleringar.

I notatet blir det m.a. påpeika at det er uakseptabelt for kommunen dersom miljømåla for regulerte vassdrag, som Klima og miljødepartementet (KLD) fastsette ved den sentrale godkjenninga av vassforvaltningsplanen 2016-2021, er vidareført i planforslaget utan at dei har vore gjenstand for nye, konkrete vurderingar.

Det er særleg viktig for kommunen at miljømålet for Mårelva og Mårvatn blir heva, noko som gjer det påkrevd at Mår/Gjøyst-konsesjonen får gjennomført ein vilkårsrevisjon. Mår/Gjøyst-konsesjonen må derfor få høgste prioritet (1.1) blant konsesjonane som kan opnast for vilkårsrevisjon. I dag står konsesjonen med prioritet 1.2, og er såleis langt bak i køen for å få gjennomført ein vilkårsrevisjon.

2. Kommunestyret gjev kommunedirektøren fullmakt til å følgje opp vedtak i kommunestyresak 63/15 (22.06.2015) om å fremje krav om vilkårsrevisjon for Mår/Gjøyst-reguleringa, og bed om at kravet blir framsett innan 2021.
3. Alle miljømål som gjeld for inneverande planperiode må revurderast opp mot ny kunnskap. Miljømåla må formidlast på ein lett tilgjengeleg måte i plandokumenta. Vidare må det gå tydeleg fram kva vurderingar som er lagt til grunn for at ein vassførekomst har fått unntak for måloppnåing etter § 10 i vassforskrifta.
4. Tinn kommune støttar forslaget i planen om å opprette ei statleg tilskottsordning som er retta mot avløpstiltak i kommunane. Ordninga bør også inkludere arbeidet med kartlegging og tilsyn av spreidde avløpsanlegg.
5. Kommunen bør gjennomføre ei kartlegging av spreidde avløpsanlegg og søkje om statleg finansiering av dette arbeidet. Vidare bør det etablerast ei tilsynsordning for spreidde avløpsanlegg, t.d. som ei utviding av samarbeidet i Kongsbergregionen om felles tilsyn og

ulovlegoppfølging i saker etter plan-og bygningslova. Tilsynsarbeidet kan finansierast ved auka gebyr av utsleppssøknader etter forureiningsforskrifta.

Innleiing:

EUs vassdirektiv vart innført i Noreg ved vassforskrifta 01.01.2007. Arbeidet etter vassforskrifta er organisert i vassregionar, som igjen er delt inn i vassområde. Tinn kommune har delteke i vassforvaltningsarbeidet i Aust-Telemark vassområde sidan 2010. Vassområdet strekkjer seg frå Hardangervidda i Vestland fylke i vest, til utløpet av Tinnsjø i sør-aust.

Vassområdet er organisert med ei styringsgruppe og ei arbeidsgruppe. Styringsgruppa er samansett av politikarar frå Tinn, Vinje og Notodden, som er dei tre kommunane som deltek i arbeidet, samt ein politikar frå Vestfold og Telemark fylkeskommune. I arbeidsgruppa deltek ein representant frå administrasjonen i fylkeskommunen og ein frå kvar kommune. Vidare deltek Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark og regulanten Øst-Telemarkens Brukseierforening (ØTB) i arbeidsgruppa. Tinn er vertskommune for Aust-Telemark vassområde.

Saman med 9 andre vassområde inngår Aust-Telemark vassområde i Vestfold og Telemark vassregion. Vassregionen omfattar storparten av Vestfold og Telemark fylke, delar av Viken fylke, samt mindre areal av Agder og Vestland. Vestfold og Telemark fylkeskommune er vassregionmyndigheit (VRM).

Fram til 01.01.2020 var området som i dag utgjer Vestfold og Telemark vassregion ein del av Vest-Viken vassregion. Regional vassforvaltningsplan for Vest-Viken vassregion 2016-2021 er gjeldande for Vestfold og Telemark vassregion ut 2021.

Vassforvaltningsplanen skal revurderast og oppdaterast kvart 6. år, og plandokumenta for planperiode 2022-2027 er no under revidering. Gjennomførte tiltak i gjeldande planperiode, nye nasjonale retningslinjer for arbeidet, og ny kunnskap om vassførekomstane gjennom overvaking ligg til grunn for revisjonsarbeidet.

Planprogram og Hovudutfordringar for regional plan for vassforvaltning i vassregion Vest-Viken 2022-2027 var på høyring i 2019. Samfunns- og miljøutvalet i Tinn kommune handsama høyringa i sak 32/2019. Vestfold og Telemark fylkesutval vedtok 3. mars 2021 i sak 1/21 å leggje ut følgjande dokument til høyring og offentleg ettersyn:

- Regional plan for vassforvaltning for Vestfold og Telemark vassregion 2022-2027
- Regionalt tiltaksprogram for Vestfold og Telemark vassregion 2022-2027
- Handlingsprogram for Vestfold og Telemark vassregion 2022-2027

Høyringsdokumenta er vedlagt. Elles er dokumenta lagt ut på Vannportalen under [Høyringsdokumenter for Vestfold og Telemark vannregion - Vannportalen](#)

Informasjon om den enkelte vassførekomst er lagt inn i databasen <https://vann-nett.no/portal/>. Her finn du også aggregerte data på vassområde- og vassregionnivå.

Alle vassområda i Vestfold og Telemark vassregion har utarbeidd lokale tiltaksprogram, og summen av desse har danna grunnlaget for det regionale tiltaksprogrammet som er sendt på høyring. Dei lokale tiltaksprogramma er ikkje gjenstand for høyring, men er lagt ved høyringsdokumenta som orientering og er meint som eit supplement til det regionale tiltaksprogrammet for meir utfyllande informasjon. Dei lokale tiltaksprogramma ligg på [Høyringsdokumenter for Vestfold og Telemark vannregion - Vannportalen](#)

Ved rullering av forvaltningsplanen er «Nasjonale føringar for arbeidet med oppdatering av dei regionale vassforvaltningsplanene» frå 19.03.2019 lagt til grunn. For regulerte vassdrag gjeld «Nasjonale føringar for vasskraft» frå 24.01.2014. Dei nasjonale føringane ligg på vannportalen <https://www.vannportalen.no/regelverk-og-foringer/nasjonale-foringer/>

Fakta:

1. Miljømål

Målsetjinga for arbeidet er å sikre at alle vassdrag, kystvatn og grunnvatn blir restaurert, beskytta og nytta på ein bærekraftig måte. I tråd med vassforskrifta §§ 4-7 skal det setjast miljømål for alle vassførekomstar (*) i forvaltningsplanen for å oppnå god økologisk og kjemisk tilstand, bestemt ut frå naturtilstanden til gjeldande vasstype og ei vurdering av realistiske tiltak. Miljømålet skal vera nådd innan utgangen av planperioden, ev. vil det bli gjeve utsett frist til neste planperiode etter § 9 i vassforskrifta dersom naturgjevne eller tekniske årsaker gjer dette naudsynt.

* Ein vassførekomst kan vera ein liten bekk eller eit stort vassdrag, ein grunnvassressurs eller ei kyststrekning. Innsjøar med areal på 500 da eller større er eigne vassførekomstar, medan midre innsjøar og tjørner inngår som del av ein elvevassførekomst. Elvar og bekkar kan vera splitta i fleire små vassførekomstar, eller dei kan vera slått saman til større felt. Forutsetninga for inndelinga er at vatnet som inngår i ein vassførekomst må ha lik vasstype, vera innafor same geografiske høgdeintervall, ha same påverknad, same miljøtilstand m.m. T.d. vil ei regulert elv ofte vera inndelt i fleire vassførekomstar på grunn av at det er ulik påverknadsgrad frå reguleringa nedover i vassdraget. Dette gjeld m.a. Mår og Gøyst, som har svært lite vatn og er påverka i stor grad på den første strekninga nedanfor dammen, men som nedover i vassdraget blir mindre påverka av reguleringa på grunn av tilførsel av vatn frå sidevassdrag.

Ved vesentlege fysiske inngrep til samfunnsnyttige formål som t.d. vasskraft, blir vassførekomsten karakterisert som sterkt modifiserte (SMVF). SMVF får ikkje definert tilstanden eller miljømålet ut frå naturtilstanden som vassførekomsten hadde før inngrepet, men det blir sett eigne økologiske miljømål (økologisk potensial) med utgangspunkt i kva som er realistisk utan at miljømålet går ut over samfunnsnyttan av inngrepet. Dersom ein SMVF er svært påverka av inngrepet kan det på bestemte vilkår fastsetjast mindre strenge miljømål etter § 10 i vassforskrifta, som i praksis ofte betyr at «dagens tilstand» er miljømålet. I Aust-Telemark vassområde er årsaka til SMVF i all hovudsak vasskraftregulering og kanalisering. Det er 50 vassførekomstar som er karakterisert som SMVF i vassområdet.

Ved rullering av planen kvart 6. år skal alle miljømål vurderast på nytt. Dette betyr at også bruken av mindre strenge miljømål etter § 10 skal takast opp til ny vurdering. Ved fastsetjing av reviderte miljømål skal det takast omsyn til nye overvakingsdata og anna ny kunnskap.

Forvaltningsplanen med vedtekne miljømål og godkjente forslag til tiltak er retningsgjevande, og kommunar og sektormyndigheiter har etter vassforskrifta § 25 ansvar for å vurdere og gjennomføre tiltak etter eige sektorlovverk. Dei viktigaste ansvarsområda til kommunane i vassforvaltninga er avløp, landbruk, drikkevatn og arealplanlegging.

2. Miljøtilstand

For å vurdere økologisk tilstand ser ein på ei rekkje økologiske kvalitetselement, t.d. fisk, bunnfauna og makroalgar, samt fysisk- kjemiske støtteelement som oksygentilhøve, fosforinnhald m.m. For fastsetjing av kjemisk tilstand legg ein til grunn innhaldet av 33 stoff som står på EUs liste over prioriterte stoff, jf. vedlegg VIII i vassforskrifta. Utslepp av andre stoff, i mengder som kan ha negativ innverknad på vassmiljøet, blir også klassifisert. Desse stoffa som blir kalla vassregionspesifikke stoff, inngår som støtteparameter i vurdering av økologisk tilstand.

Alle vassførekomstar skal oppnå god kjemisk tilstand. Vidare skal alle naturlege vassførekomstar oppnå god økologisk tilstand, medan det er eigne økologiske miljømål for sterkt modifiserte vassførekomstar (SMVF), såkalla godt økologisk potensial (GØP).

Mesteparten av vatnet i Aust-Telemark vassområde har god miljøtilstand. Vassførekomstar som ikkje oppnår god miljøtilstand er stort sett regulerte vassdrag.

3. Påverknader

Tabell 13 på side 56 i forvaltningsplanen viser kva samfunnssektorar som påverkar vassmiljøet, både i vassregionen og i det enkelte vassområdet. Påverknader av middels eller stor grad inngår i tabellen, medan mindre påverknader ikkje er med. I Aust-Telemark vassområde er vasskraft den viktigaste påverknaden, og mange av dei regulerte vassførekomstane er påverka i stor eller svært stor grad i form av tørrlagte elvar og magasin med store reguleringshøgder.

Avløpsvatn, jordbruk, urban utvikling og anna/ukjent påverknad er oppført med middels grad av påverknad i vassområdet. Under påverknadsgruppa urban utvikling er avfallsdeponiet på Krosskei registrert med punktutslipp til Vestfjorden. Vidare er kanalisering og vegbygging med fysiske endringar av Måna og Vestfjorden registrert som påverknad frå urban utvikling. Påverknad frå jordbruk gjeld oppdyrking av elvedeltaet på Mæl. Derimot er det liten påverknad i vassområdet frå jordbruk i form av avrenning av næringsstoff og organisk materiale til vassdrag.

3.1 Regulerte vassdrag

Av reguleringsmagasina er det særleg Mårvatn og Møsvatn som er prega av store reguleringshøgder. Måna, Mår og Gjøyyst var alle gyteelvar for storaurestammen i Tinnsjø før reguleringa, men etter at vatnet frå desse elvane vart overført via tunnelar til kraftverka i Vestfjorddalen er det til tider svært liten restvassføring igjen i vassdraga. Som resultat er storaurestammen i dag karakterisert som trua på grunn av at gyte-og oppvekstområda er redusert. Mellom inntaksmagasina og kraftverka er også mange sidevassdrag ført inn på tunnelane, og desse er heilt tørrlagte på den første strekninga etter inntaket.

Måna fekk ved fornying av Møsvasskonsesjonen i 2015 innført minstevassføring frå Såheim til Tinnsjø. Saman med biotoptiltak som er gjennomført i elva har dette til ein viss grad ført til at Måna har fått attende nokre av kvalitetane som gyteelv for Tinnsjø-aure. Vidare vart det ved fornying av Møsvasskonsesjonen innført restriksjonar på manøvreringa av Møsvatn. Dei nye restriksjonane fører m.a. til at ein unngår at røyeegg som blir lagt om hausten, blir tørrlagt før klekking om våren. Tiltaket er såleis med på å styrke røyebestanden i vatnet. Restriksjonane fører også til at egga til skjoldkreps blir vassdekt i juli. Egga blir klekt først etter at dei blir dekt av vatn, og dersom dette skjer for seint om sommaren rekk dei ikkje å utvikle seg tilstrekkeleg til at dei kan legge egg om hausten, noko som medfører at neste års generasjon av skjoldkreps blir svekka. Dette vil få negativ verknad på fiskebestandane, sidan skjoldkreps er viktig næring for fisk.

Derimot er det ikkje innført minstevassføring i Mår og Gjøyyst, eller magasinrestriksjonar i Mårvatn og Kalhovdfjorden/Gjøyystvatn. Dette kan i tilfelle berre skje i samband med ein vilkårsrevisjon av Mår/Gjøyyst-konsesjonen. Særleg har reguleringa av Mårvatn, med ei reguleringshøgde på 21,3 m og heile 14,8 m senking i høve til opprinneleg vasstand, store konsekvensar for økologi, landskap og friluftsliv.

I øvre delar av Mår og Gjøyyst er det svært liten vassføring, men denne aukar nedover i vassdraget på grunn av tilførsel av vatn frå sidevassdrag. Middelvassføringa i Mår før reguleringa var på den nederste strekninga om lag 19,1 m³/s. Samla tilsig som Mår mottok frå sidevassdraga har ein middelvei på 4,7 m³/s, d.v.s. at vassføringa ved innløpet til Tinnsjø berre er 24 % av opprinneleg vassføring.

Regulanten starta i 2020 eit arbeid med biotoptiltak i nedre delar av Mår og Gjøyyst, noko som truleg vil medføre noko meir oppvandring og gyting av Tinnsjø-aure i dei to elvane. Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) som er sektormyndigheit etter vassdragsreguleringslova og vassressurslova, skal foreslå tiltak relatert til vasskraft i vassforvaltningsplanen. I Tinn har dei foreslått biotoptiltak i Mår på strekninga frå Kalhovddammen til samløpet med Vesleåe. Desse tiltaka vil truleg ikkje få så stor effekt i øvre delar av elva, sidan det er svært liten restvassføring frå Kalhovddammen og ned til samløpet med Ramsåe.

3.2. Avløp

Måna er påverka i middels grad av forureining frå kommunale avløpsanlegg. Tinn kommune er i gang med utbetringar av avløpsanlegget på Rjukan o.a. stader i kommunen. Overvaking av vassførekomstane viser at avrenning frå spreidd busetnad og hytter ser ut til å ha liten påverknad på vassmiljøet lokalt. Statsforvaltaren er forureiningsmyndigheit for avløpsanlegg større enn 2000 personekvivalentar (p.e) etter kap. 14 i forureiningsforskrifta. Kommunen er forureiningsmyndigheit for avløpsanlegg for inntil 2000 p.e etter kap. 13 i forureiningsforskrifta, og for spreidd anlegg etter kap. 12 (under 50 p.e). Miljødirektoratet forventar at kommunane kartlegg og følgjer opp utslepp frå private anlegg med sikte på at dei skal oppfylle rensekrava i forureiningsforskrifta.

Krava i forureiningsforskrifta betyr at avløpsvatnet skal tilfredsstillе rensekrava sjølv om resipienten har god tilstand. «Nasjonale føringer for arbeidet med oppdatering av de regionale vannforvaltningsplanene» frå 19.03.2019 seier samtidig at innsatsen først bør prioriterast i nedbørfelt til vassførekomstar som er påverka av avløpsvatn, og som har dårlegare enn god tilstand og /eller har viktige brukarinteresser.

Utilfredsstillande rensa avløpsvatn vil ha høge verdiar av fosfor og organisk materiale som kan føre til uønska algevekst (eutrofi) i vassførekomstane. Vatn frå Vestfold og Telemark renn ut i meir følsamt havområde (kysten frå svenskegrensa til Lindesnes), og har såleis krav om 90 % rensing av fosfor og 70 % rensing av organisk materiale. Dette er strengare rensekraft enn om avløpet drenerer til mindre følsomme havområde.

Avløpsvatn kan også ha høgt innhald av bakteriar som kan forringe kvaliteten av badevatn, drikkevatn, vatn til bruk i vatningsanlegg for jordbruksareal m.m. Episodar med høgt bakterieinnhald i avløpsvatnet heng ofte saman med at det kjem mykje overvatn og framandvatn (t.d. lekkasjar frå vassledningar) inn på leidningsnett, og som fører til overløp i kummar og pumpestasjonar. Bakterieinnhaldet er ikkje bestemmende for miljøtilstanden til vatnet (er ikkje eit kvalitetselement etter vassforskrifta). Drikkevatn er vurdert etter drikkevassforskrifta, som set strenge grenser for bakterieinnhald.

Forutan fleire episodar med høgt bakterieinnhald i Måna, har ikkje overvaking av vassførekomstane påvist at vasskvaliteten elles i kommunen er påverka av avrenning frå kommunale eller spreidd avløpsanlegg.

Vurdering:

1. Vasskraft

Vedlagt notat frå kommunen utgjer høyringssvaret vedrørande regulerte vassdrag. M.a blir det stilt spørsmål i notatet om miljømåla for Mår og Gjøyst har vore gjenstand for nye, konkrete vurdering ved revidering av planen.

Da Klima og miljødepartementet (KLD) godkjente vassforvaltningsplanen for 2016-2021, avviste dei alle forslag til miljømål som var sett for Aust-Telemark vassområde. Dette var lokale og regionale forslag som var godt begrunna, og vedteke av alle fylkestinga innafør vassregionen. I staden sette KLD nye miljømål basert på NVE-rapport 49:2013. Denne rapporten gjev ein svært grovmaske og sjablongmessig gjennomgang av naturverdiar og krafttap for alle 395 vassdrag som kan reviderast innan 2022, noko som rapporten sjølv påpeikar. Det er kritikkverdig dersom miljømåla frå 2016 automatisk er vidareført til neste planperiode, utan at det er gjort konkrete vurderingar av krafttapet som innføring av magasinrestriksjonar og minstevassføringar vil medføre. Dessutan seier vassforskrifta § 26 at miljømålet for alle vassførekomstar skal vurderast på nytt ved rullering av planen.

I mange regulerte vassdrag er det påkrevd med minstevassføringar og magasinrestriksjonar for å oppfylle moderne miljøkrav. Dette gjeld t.d. i Mår og Gjøyst. Dette krev at det blir opna for ein revisjon av vilkåra i konsesjonen. Etter reglane i vassdragsreguleringslova må det gå 30 år mellom kvar gong det kan framsetjast krav om vilkårsrevisjon, noko som betyr at det er særskilt viktig for kommunen å få gjennomslag i revisjonsprosessen for krava som er stilt. Ein vilkårsrevisjon for Mår/ Gjøyst-reguleringa er

ikkje påkrevd berre for å nå miljømåla etter vassforskrifta, men også av omsyn til villreinstammen, landskap, turisme og friluftsliv.

I høyringssaka vedrørande regional plan for vassforvaltning for Vest-Viken Vassregion 2016-2021, vedtok kommunestyret at det skulle fremjast krav om vilkårsrevisjon for Mår/ Gjøyst-reguleringa (sak 63/15, 22.06.2015). Etter at KLD avviste alle forslag til tiltak og sette «dagens tilstand» som miljømål for alle vassførekomstane i Mår/ Gjøyst-vassdraga i forvaltningsplanen, vart arbeidet med å fremje eit revisjonskrav sett på vent. På bakgrunn av at KLD sette miljømål som ikkje kravde verken magasinrestriksjonar eller minstevassføringar, vart det vurdert som sannsynleg at ein ville oppnå svært lite ved å gjennomføre ein vilkårsrevisjon. Rulleringa av vassforvaltningsplanen som no blir gjennomført, krev at miljømåla for Mår/ Gjøyst-vassdraga skal vurderast på nytt, noko som også gjer det naturleg å sette i gang arbeidet med å framsette krav om ein vilkårsrevisjon.

2. Avløp

Hovudplan for vann og avløp for Tinn kommune 2017-2047 viser at kommunen har store oppgåver innan vedlikehald og nyanlegg i vann- og avløpssektoren. Det er utført eit betydeleg arbeid innafor sektoren dei siste åra, særleg på det gamle avløpsanlegget på Rjukan som har eit stort vedlikehaldsetterslep. Dei gjennomførte tiltaka vil føre til at det blir langt færre situasjonar med overløp, og til at avløpsvatnet som kjem inn på renseanlegget vil vera mindre fortynna av overvatn og framandvatn, noko som gjer rensinga meir effektiv. På sikt kan dei gjennomførte tiltaka truleg medføre at Måna oppnår badevasskvalitet.

Krava i forureiningsforskrifta slår fast at alt avløpsvatn skal tilfredsstille rensekrava, men samtidig seier dei nasjonale føringane for oppdatering av vassforvaltningsplanane at innsatsen først bør prioriterast i nedbørfelt til vassførekomstar som er påverka av avløpsvatn og som har dårlegare enn god tilstand og /eller har viktige brukarinteresser. Overvaking av vassdrag i Aust-Telemark vassområde har så langt ikkje påvist at vasskvaliteten er påverka av spreidde avløp i vesentleg grad.

Det er bygd mange anlegg for spreidde avløp i kommunen i nyare tid som tilfredsstiller krava i forureiningsforskrifta kap 12 og 13, men det er ikkje gjort ein systematisk gjennomgang av gamle anlegg. Kartlegging og tilsyn med private avløpsanlegg er ei kommunal oppgåve som vil krevje ekstra personellressursar. På sikt må ein nok forvente større trykk frå sentrale myndigheiter om å følgje opp spreidde avløp etter kap. 12 i forureiningsforskrifta. Kommunen bør derfor starte eit arbeid med å få på plass ei tilsynsordning for spreidde avløpsanlegg.

I planforslaget er det foreslått statlege tilskott til avløpstiltak i kommunane. Dette vil truleg vera eit viktig incitament for å kunne oppfylle krava i forureiningsforskrifta om rensing av avløpsvatn innan rimeleg tid.

3. Plandokumenta

Det er omfattande dokument som er sendt på høyring. Ein del informasjon er berre å finne i databasen <https://vann-nett.no/portal/> M.a. gjeld dette for miljømål på vassforekomstnivå, medan miljømåla berre blir omtala på eit overordna nivå i plandokumenta.

Hovudformålet med regional plan for vassforvaltning er å sette miljømål for alle vassførekomstar for at dei skal oppnå god økologisk tilstand/ godt økologisk potensiale og god kjemisk tilstand. Miljømåla er såleis det essensielle i planen, og som ikkje kan fråvikast utan at dette er heimla i reglane i vassforskrifta. Miljømåla bør derfor formidlast på ein lett tilgjengeleg måte i planen.

Konklusjon:

- Vedlagt notat frå Tinn kommune til Vestfold og Telemark fylkeskommune (20.05.2021) utgjer høyringssvaret frå kommunen vedrørande regulerte vassdrag.

- Kommunen bør fremje krav om vilkårsrevisjon for konsesjonen for Mår/Gjøystreguleringa. Dette er viktig for å nå miljømålet etter vassforskrifta, men også av omsyn til villreinstammen på Hardangervidda, og av omsyn til landskap, turisme og friluftsliv.
- Hovudformålet med regional plan for vassforvaltning er at alle vassførekomstar skal ha eit forpliktande miljømål. Det er derfor ikkje tilstrekkeleg dersom miljømåla frå gjeldande plan blir vidareført til neste planperiode utan at dei blir teke opp til ny gjennomgang og vurdering. Vidare må miljømåla formidlast på ein lett tilgjengeleg måte i planen. Likeins må det gå tydeleg fram kvifor ein vassførekomst har fått unntak for måloppnåing etter § 10 i vassforskrifta.
- Tinn kommune støttar forslaget i planen om å opprette ei statleg tilskottsordning til avløpstiltak i kommunane, og meiner at arbeidet med kartlegging og tilsyn av spreidde avløp må vera inkludert i denne ordninga.
- Kommunen bør gjennomføre ei kartlegging av spreidde avløpsanlegg og søkje om statleg finansiering av dette arbeidet. Vidare bør det etablerast ei tilsynsordning for spreidde avløpsanleg, t.d. som ei utviding av samarbeidet med Kongsbergregionen om felles tilsyn og ulovlegoppfølging i saker etter plan- og bygningslova. Tilsynsarbeidet kan finansierast ved auka gebyr på behandling av utsleppssøknader etter forureiningsforskrifta.

Vedlegg:

1. Høringsuttalelse til Regional Vannforvaltningsplan for Vestfold og Telemark vannregion 2022-2027 fra Tinn kommune - notat 20.05.2021
2. Høringsbrev - Regional vannforvaltningsplan for Vestfold og Telemark vannregion.pdf
3. Utkast til regional vannforvaltningsplan Vestfold og Telemark vannregion.pdf
4. Utkast til regionalt handlingsprogram Vestfold og Telemark vannregion.pdf
5. Utkast til regionalt tiltaksprogram Vestfold og Telemark vannregion.pdf